

**Påskefest på Dønhaug også i år**

10.03.2013

**Også i år skal Festidalen varma opp med påskefest på Dønhaug, nærare bestemt påskeafta som er 30. mars, og kommunen har gjeve skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk under 22 volumprosent frå klokka 19 til 01.**

Maksimalt belegg under festen er 450 personar og ansvarleg for løyvet er Åsmund Lilleaas.

Det heiter i løyvet mellom anna at tidene er absolutte og at det ikkje må skjenkast til personar under 18.

Lensmannen og tiltak/rådgevingstenesta for vaksne har ingen merknad.